

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Olav Grov
Arkivsaksnr.: 21/72-2

Arkiv: 223 U01

Norske Hagehus AS. Finansiering

Rådmannen si tilråding:

Norske hagehus AS får eit tilskot til utvikling stort kr 60.000. Tilskotet vert finansiert ved posten 32503 14703.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: Forretningsplan

Uprenta vedlegg:

Samandrag:

Eva Hallaren har budd i Solvorn dei siste 16 åra. Hallaren har bakgrunn frå avis, reklame,- og designbyrå. Ho har dei siste åra arbeidd på Sogningen storsenter med marknadsføring og sal. Hallaren har over noko tid arbeidd med planar om å utvikle, designe og produsere eit norsk «hagehus». Det er kort fortalt eit hus som både kan fungere som lysthus, anneks og drivhus. Planen er at å utvikle og produsere eit slikt hus, og få ein kvalitet og eit design som kan konkurrere med dei utanlandske produkta som er i marknaden.

Hallaren har hatt ein diskusjon med fleire mogelege samarbeidspartar, og har no fått ein avtale med Fjordglas om samarbeid om produksjonen.

Rådmannen tilrår at Luster kommune deltek i finansieringa av eit forprosjekt.

Utval som har vedtaksmynde: Næringsutvalet

Fakta:

Eva Hallaren har budd i Solvorn dei siste 16 åra. Hallaren har bakgrunn frå avis, reklame,- og designbyrå. Ho har dei siste åra arbeidd på Sogningen storsenter med marknadsføring og sal. Hallaren har over noko tid arbeidd med planar om å utvikle, designe og produsere eit norsk «hagehus». Det er kort fortalt eit hus som både kan fungere som lysthus, anneks og drivhus. Planen er at å utvikle og produsere eit slikt hus, og få ein kvalitet og eit design som kan konkurrere med dei utanlandske produkta som er i marknaden.

Hallaren har hatt ein diskusjon med fleire mogelege samarbeidspartar, og har no fått ein avtale med Fjordglas om samarbeid om produksjonen.

Fylgjande moment vil vere viktige i prosjektet som Norske hagehus har utvikla, slik det går fram i forretningsplanen:

Norske hagehus

- *Drivhus*
- *Lysthus*
- *Anneks*

- *Eit og samme hus kan ha alle desse tre funksjonane.*

- *Husa vil kun ha eitt rom.*

- *Me byggar dei opp med modular.*

- *Me leverar heile byggesett med veggjar, glas, dører og tak. . Husa blir enkle for kunden å montere sjølv.*

Fleksible hagehus

Modulsystemet er veldig fleksibelt, slik at kundane kan få skreddersydd sitt eige hagehus.

Lysthus/drivhus/anneks:

- Modular med og uten glas
 - Ein modul kan innehalde brennplater for montering av ildstad
 - Ulike typar tak
 - Drivhusplater, takstein, skifer, isolerte tak m.m
 - Ulike typar dører og fargar
 - Standard storleik ca 12 kvadrat
 - Kundane kan kjøpe til fleire modular og dermed auke storleiken på huset
 - Vindauge med ulik utforming
 - Vindauge med og utan isolasjonsglas
 - Veggmodular med og uten isolasjon
 - Pynt i møne og på tak
-
- Muligheitar for å designe fleire typar småhus
 - Jakthytte, dagsturhytte, bryggehus, naust, uthus og leikestove

Kva type hagehus treff best i marknaden?

Me må bruke tid på å designe dei ulike prototypene, finne ut kva type hus og uttrykk som treffer marknaden best mogleg. Dette skal vere norsk kvalitet og ikkje eit billig produkt

Marknad for norsk kvalitet

Hagehus er in. Du finn stadig reportasjar i til dømes Lev Landlig, hagemagasin og avisartiklar. Stadig fleire draumar om det gode livet på landet, om å dyrke eigne grønnsaker og blomar.

Trond Hallaren, daglig leier for Park og Anleggstenestar i Trondheim og anleggsgartner med tjue tilsette. Trond kjenner marknaden for hage og uteområder godt. «Folk bruker mye penger på hage og uterom. Det finnes ikke hagehus av norsk kvalitet på markedet. Engelske drivhus som koster i prisklassen fra 200-700 000 selger godt. Det er marked for norskproduserte kvalitetshus i tre og kundene har vilje og evne til å betale.»

Kundane våre

Norske hus og hytteeigarar:

- Folk med einebolig som har ein liten hageflekk

- Hytteeigarar som treng eit uterom

- Sverige kan bli ein marknad då byggeskikken er i nær slekt med den norske

Kva type hagehus treff best i marknaden?

Me må bruke tid på å designe dei ulike prototypene, finne ut kva type hus og uttrykk som treffer marknaden best mogleg. Dette skal vere norsk kvalitet og ikkje eit billig produkt

Framdrift

Fase 1: Søknad om midlar til utvikling av ide, marknadsundersøkelse, teikningar og bygging av prototypar, støtte til grafisk profil, nettside og kontorutstyr.

Fase 2: Lage teikningar av husa

Fase 3: lage prototypar bygd opp med modular

Fase 4: Grafisk profil, nettside

Fase 5: Marknadsføring og salg

Fase 6: Effektiv produksjon, leveringstid 8-10 veker

Det er lagt ned ein stor eigeninnsats i utvikling av konsept og design av hagehus.

Utover eigeninnsats, vert det no nytta kr 30.000 til å leige av teikning/design av prototypar. Vidare er det ein kostnad på kr 45.000 til å utvikle dei ulike modulane med testing av samanføyningar med glas, brennplater og panel. Produksjon og oppsett av ein prototype for uttesting av bygget som heilheit er kostnadsrekna til kr 100.000.

Finansieringa av utviklingsarbeidet vil vere tilskot frå kommunen og egne midlar.

I samarbeidsavtalen med Fjordglas går det ma fram at Norsk Hagehus skal designe, marknadsføre og selje hagehusa. Fjordglas skal levere veggmodular med og utan vindaug. Modular, dører og takstolar skal pakkast og gjerast klar for utsending frå Fjordglas sitt lager.

Vurdering

Hallaren har nytta mykje tid på utvikling av konseptet og marknadsvurderinga. Robert Veum ved Fjordglas har interesse for prosjektet. Avtalen om samarbeid med Fjordglas er vesentleg for å lukkast, fordi Fjordglas både har kunnskap og kapasitet til å produsere modulane. Fjordglas kan og stå for distribusjon av flatpakka hytter.

Den store utfordringa er marknaden. Kor stor er marknaden og kor betalingsviljug er marknaden. Prosjektet til Hallaren er godt gjennomarbeidd og rådmannen vil tilrå at Norske hagehus AS får eit utviklingstilskot stort kr 60.000 til å utvikle produktet og teste det i marknaden.

Dato: 14.1.21

Jarle Skartun
rådmann

Olav Grov
Næringssjef

Særutskrift skal sendast: Post@norskehagehus.no
m/kopi til: Stig Omar
Eide, her

